

PROTOKOLL FELLESMØTE HAUGALANDSRÅDET OG SUNNHORDLANDSRÅDET

«Energi for samarbeid»

DATO: torsdag 13. juni 2024

TID: Kl. 15-21

STED: Vangen Pling Plong, Haugesund

Til stades

Karmøy kommune:	Leiv Arne Marhaug, May Synnøve Rygh, Vibeke Vikse Johnsen
Haugesund kommune:	Nils Konrad Bua, Ole Bernt Thorbjørnsen
Tysvær kommune:	Monika Lindanger, Sigurd Eikje
Utsira kommune:	Tove Grimsby, Eystein Eek
Bokn kommune:	-
Sveio kommune:	André Mundal Haukås, Jostein Førre
Vindafjord kommune:	Ole Johan Vierdal
Suldal kommune:	-
Sauda kommune:	Håvard Handeland, Vegard Thise
Etna kommune:	Mette Heidi Ekrheim Bergsvåg, Filippo Ballarin
Rogaland fylkeskommune	Svein Erik Indbjo
Haugaland Vekst	Sigmund Lier, Gunn Evy Auestad, Rita Leinan, Tora Eide
Austevoll kommune	Bente Kari S.Taranger, Hogne Haugsdal
Bømlo kommune	Morten Helland, Kjetil Aga Gjøsæter
Fitjar kommune	Wenche Tislevoll, John Karsten Raunholm
Kvinnherad kommune	Vegard Bjørnevik
Stord kommune	Sigbjørn Framnes, Tommy Johansen
Tysnes kommune	Steinar Dalland
Region Sunnhordland	Hilde Eide Helland, Tora Myklebust, Anne A. Tranøy
Andre	Annette Sæther, Harris Utne, Leif Einar Lothe, Martin Heggøy, Linn Therese Erve, Ingunn Harloff

Krisesenter vest – orientering om nybygg v/ Kjell Magnar Mellesdal

Saka utgjekk på grunn av manglende oppmøte.

Statnett v/ Harris Utne, direktør regionale planar sør og vest

- Områdeplanen for Haugalandet og Sunnhordaland, ilandføring av kraft frå Utsira Nord. På kva måte kan råda på best måte sikre rask utbygging av sentralnettet?

Harris Utne presenterte status i utviklingsplanar for transmisjonsnettet på Haugalandet og i Sunnhordland. Vestlandet er eit prioritert område for Statnett. Driftssituasjonen i området er allereie krevjande og dagens forbruk i nord-Rogaland og i Sunnhordland skal doblast. Statnett har starta eit prosjekt for å kunne leggja til rette for havvind frå Utsira Nord. Områdeplanen blir no revidert, oppdatert versjon kjem i september.

Utne påpeika at Haugalandet ofte blir lyfta fram som ein region som har fått til mykje når det gjeld kraft og nettutvikling. Aktørar i regionen har over tid stått saman om behovet for meir kraft.

Råda fekk også status på arbeidet med å fjerna flaskehalsar i nettet mellom prisområda NO2 og NO5. Store lyft vil truleg ta minimum ti år, men Statnett gjer fortløpande mindre tiltak for å betra situasjonen.

Sauda etterlyste meir fleksibilitet for kundane når det gjeld forlenging av kapasitetsreservasjon i nettet, ettersom kommunale handsamingsprosessar kan ta tid. Statnett bad kommunane dokumenta prosessen ein er i, slik at kunden kan bruka dette opp mot Statnett og unngå å mista reservasjonen.

Stord påpeika at kraftsituasjonen i området er alvorleg. Dagens avgrensing på 1MW stoppar næringsutviklinga i kommunen. Statnett har generelt auka grensa til 5 MW, men Stord er eitt av unntaka. Ifølgje Utne i Statnett er det høg prioritet å gjera noko med det.

Sustainable Energy/Norsk Katapult senter v/Linn Therese Erve

Erve orienterte om senteret på Stord, som har som mål å auka den industrielle verdiskapinga i heile landet. Senteret er i verdsklasse når det kjem til storskala testfasilitetar innan t.d. ammoniakk, hydrogen og havvind. Dette for å spara næringa for å måtte bygge opp eigen kostnadsdrivande testfasilitetar. Målet er betre tilgjenge for fleire til å teste, og slik skapa fortgang i eksportmarknaden. Senteret har planar om kapasitetsutviding. Erve oppmoda rådet om å delta på senteret sitt arrangement tysdagen under Arendalsveka.

Energiriike v/ Bjørn Brunborg

Brunborg orienterte om Energiriike og IFER-samarbeidet. Årets Energiriike-konferanse er 6-7.august 2024 på Hotel Maritim i Haugesund.

«Med mål om et lønnsomt reiseliv hele året- Vårt samarbeid gjør det enklere for turisten å legge reisen sin til oss.»

v/ Ingunn S. Harloff i Destinasjonsselskapet for Haugesund og Hordaland og Hilde Eide Helland i Visit Sunnhordaland

Harloff og Helland orienterte om samarbeidet mellom dei to destinasjonsselskapa. Infrastruktur og samferdsel er ei utfordring for begge – mangel på korresponderande transport, til dømes Skyss og Kolumbus. Det er behov for meir marknadsføringsmidlar på grunn av sterk konkurransen. Etne etterlyste eit betre faktagrunnlag når det gjeld verdiskapinga som reiselivet bidreg til.

«Kvar for oss, eller saman på tvers av regionar?» Hardanger lift, presentasjon av prosjektet v/ Roald Aga Haug, ordførar i Ullensvang

Haug fortalte om Ullensvang kommune og uttalte at Haugalandet og Sunnhordland alltid har stått Ullensvang nært. Haug etterlyste betre samarbeid mellom dei ulike destinasjonsselskapa. Han fortalte om framtidsplanane for Odda sentrum, det gamle smelteverket, om Hardanger Lift og Boliden-prosjektet. Manglande rassikring og tilgang på transport til og frå flyplassen er eit problem, også for reiselivet. Haug peika på Husøy som den viktigaste hamna på vestlandet og opna for tettare samarbeid i reiselivet mellom Hardanger, Haugalandet og Sunnhordland.

Camp Lothe; Presentasjon av prosjektet v/ Leif Einar Lothe og Martin Heggøy

Lothe og Heggøy byggjer ei stavkyrkja på Hjøllo, på gamle tippen til smelteverket i Odda. Prosjektet omfattar 16 bygg totalt og to store område for campingbil/vogn. I tillegg er det planar om via ferrata, zipline, fjordtur med vikingskip og sjøfly.

Lothe har også kjøpt eit område på det gamle smelteverket som skal brukast til ulike kulturelle arrangement.

Arendalsveka 2024 - informasjon om opplegget så langt. V/ Tora Myklebust og Sigmund Lier

Sigmund Lier og Tora Myklebust orienterte om opplegget rundt Arendalsveka 2024. Det blir overnatting og arrangement på båten Vestlandsbåten (MS Sandnes), i tillegg til overnatting i huset som me har disponert tidlegare år. Arrangement i regi av Haugaland Vekst og Region Sunnhordland skjer på tysdagen.